

Øvstedal (gnr. 168)

Dalgardane.

Dei tri gardane Dal øvre, Dal nedre og Øvstedal har sikkert vokse fram av ein og same opphavsgarden. Kvar denne opphavsgarden låg, kan ingen seia heilt visst, men fleire ting tyder på at han låg på Øvre Dals grunn. Det er iallfall dette Dal som først vart dyrka fram til å bli ein stor gard. Med stor meiner vi her den utvikling at han vart rekna i gruppa for "fulle" gardar. Denne utviklinga hadde ein del av Dalgardane nådd tidleg på 1500-talet. Vi finn han ført blant dei 34 av Fåberg-gardane som i 1528 betalde den ekstra sølvskatten som er kalla Gjengarden. Namnet på garden vart da skrivi Dall, og brukaren heitte Hollin. Han var ein av dei som svara skatten med 1 lodd sølv, som m.a. John Jørstad og Jens Hovin.

Tretti år seinare finn ein nemnt to Dalsgardar, og Mats i Dalen svara ein bukk i forsikringsskatt, men Oluf i Dalen svara eit får. Tri år seinare er Mats kalla Mattis. Han hadde da vore med i eit slagsmål og brukt hamar, men fekk ei bot på ½ dalar for det. I lista over den ekstra bygningsskatten av 1594 er det derimot atter nemnt berre ein gard Dall, og den betalde skatten i gruppa for fullgardar. Av lista over tiendekorn for 1604 får ein derimot greie og gode opplysningar. Av Dalgardane er da den eine kalla Nerdall og den andre Dall, og båe svara tienda med 2 ½ td bygg som t.d. Reistad og Ulland. Her i lista over tiendekorn 1604 finn ein og "Øffstedall", som betalde tienda med 1 ½ td. bygg. I ei skatteliste av 1610 er det elles det merkelege at den eine av Dalgardane er kalla "Bøntedal". Det er eit spørsmål om det ikkje før hadde vore ei kvinne med namnet Bente eller Bønte som hadde brukt dette Dal. Men i 1610 var det ikkje, for da heitte brukarane både på Øvstedal og båe Dalgardane Jon. Om den eine av desse Jon-karane på Dal i Fåberg er det elles i 1624 fortalt at han også var stor odelseigande bonde. Han åtte da forutan jordegods av skyld 10 ½ skinn i Dal også 3 ½ skinn i Kurud i Fåberg, 3 ½ skinn i Berge i Øyer, 3 skinn i Nordrum og 1 skinn i Rottås i Ringebu.

I 1624 hadde, som det såg ut for, Oluf Breiset døydd av dei såra han hadde fått under eit slagsmål med kniv, men saka var nok meir innfløkt enn som så. To år seinare vart det derfor vald 11 lagrettesmenn til å granske denne saka nærare, og blant dei var både Jon Dal, Peder Dal og Oluf Øvstedal.

Frå kring 1660 er det fleire opplysningar å finne om gardane: Brukarane på Dal heitte da Tore og Peder, dessutan er Morten Dal nemnt ved sida av Kristen Øvstedal. Husdyrhaldet på gardane var i den tid størst hos Kristen Øvstedal, som hadde 1 hest, 3 hopper, 16 naut, 10 sauer og 2 griser. Av dei andre hadde Morten Dal 1 hest, 2 hopper, 12 naur, 16 sauer og 1 gris. Samtidig var det hos Tore Dal 1 hest, 2 hopper, 11 naut, 18 småfe og 1 gris, og hos Peder Dal: 2 hopper, 9 naut, 14 småfe og 1 gris. Det store hoppehaldet kunne tyde på at dei alle dreiv hestealnad, men dette er likevel ikkje så visst, da det i den tid var fleire hopper enn hanhestar på mest alle litt større gardar i Fåberg.

Om brukarane sjølve åtte gardane sine, går fram av odelsmannsmanntalet, også frå 1657. Det kan fortelja at Morten Dal sjølv åtte jordegods i sin gard for 2 huder; Tore eide for 1 ½ hud i sin, og Peder Dal for 1 ½ hud i sin gard.

Åtte år seinare er det i 1665 opplyst at det fulle namnet til Tore var Tore Jonsen Dal, og at garden hans heitte Øffre Dahl. Tore var da 63 år og hade ein son som heitte Håken. Han var 30 år og nett da ferdig med militærtjenesta. Det er elles fortalt at det i den tid var 2 husmenn på garden: Halvor, 56 år, og Jacob Olufsen, 24 år. Den samla skylda av Øvre Dal var da 3 huder,

og garden vart ført i gruppa for fullgardar. Under "Halfve Gaard" finn ein elles oppført: Dal, skyld 2 hd., med Morten Mortensen som brukar, og Øvstedal, skyld 2 hd. 2 skn., med Syver Olsen som brukar. – Morten Mortensen var da 60 år og hadde 2 søner: Peder 18 år og Morten 15 år. Syver Olsen på Øvstedal var 44 år og hadde ein tenestkar, Nils Olsen som var 42 år, som truleg var hans eigen bror. Ein annan husmann ved Øvstedal var Eilert Gregorisen, 21 år. Etter desse felles opplysningane går vi over til å sjå litt nærare på kvar gard for seg.

Øvstedal.

Syver Olsen som er nemnt i innleiinga om Dalgardane, var framleis brukar på Øvstedal i 1668. Derimot var han berre for ein del eigar av garden. den samla landskyld av Øvstedal var 2 huder 2 skinn 1 pnd. fisk, men av dette åtte Syver sjølv berre ½ hud. Blant dei andre eigarane var Christiania Hospital for 19 merker fisk. – Om garden Øvstedal er det elles fortalt at enga, innmarka var god, og at det var skog nok til gards bruk. Buskapen av store husdyr var 4 hestar og 20 naut, og garden hadde seter og sommarbeite åt krøtera på Baksetra. Korntienda vart utreidd med 3 ¼ td., som altså svara til ei årsavling på 32 ½ tdr. Det er elles opplyst at det på Øvstedal var 2 humlehager, noko som tyder på at dei dyrka humle til salg eller byte med andre varer.

Frå 1683-84 er det her to merkelege tilfelle: Det er i 1683 fortalt at Tor Tageløs har betalt for ei hud av 83 ein ½ rd. i bygselpengar. I 1684 er ei liknande betaling av Amund Tageløs for 1 hud av 84, men nr. 83 var etter den gamle matrikkelen Øvstedal, og nr. 84 var Øvre Dal. Det merkelege er likevel at brukaren på nr. 83 da heitte Syver, og brukaren på nr. 84 heitte Tore. Det var altså ikkje dei som kvar hadde betalt ½ rd. for bygselen. Truleg gjeld det her folk som freista å skaffe seg fiskerett der dei ingen hadde, den eine i Christiania Hospitals Fiskeri under Øvstedal og den andre i Christiania Scholes Fiskeri under Øvre Dall.

Om denne fiskeretten under Øvstedal handlar og ei sak av 1686 som etter utskrift er referert slik: "Mellem i Fåberg 20. okt. 1686. Førrige Christiania Hospitals forstanders efterleverske, Dorthe sl. Anders Simonsens lader fremkalde Sifuer Øvstedahl for resterende Restans av Teigner Fiskeri (skyldende 1 bismerpd. torfisk) for anno 78, 79, 80, 81, 82, 83. Årlig avgift ½ rd. = 3 rd. Sifuer Øvstedahl meldte at han for 10 år siden hadde frasagt seg bemeldte fiskeri hos den førrige forstander Jacob Brand, da vannet og fiskeriet var aldeles til ingen nytte."

I året 1700 finn ein son av Syver, Erland Øvstedal, omtala første gongen. Erland hadde da stemnt Peder øvre Jørstad for usømeleg ord han hadde uttala om faren, gamle Syver Øvstedal. I 1705 fekk Erland Syversen Øvstedal tinglyst skjøte på 1 hud og 4 skinn i grd. Øvstedal, "som han sig av samtlige sine søskende har tilforhandlet." Men Erland Øvstedal og kona hans Anne Kristofersdtr. vart barnlause folk. I 1714 fekk dei derfor tinglyst at den som levde lengst, skulle arve den andre ektemaken.

Frå 1731 er ei sak som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden: "17. febr. 1731. Syver Bersvendsen fra Skedsmo sogn angir å være odelsberettiget til grd. Øvstedal her i Fåberg, som hans farbror Erland Syversen, som ikke har livarvinger, nu har i possession. For at godset ikke av fremmede skal hæves, lyser Syver Bersvendsen ein pengemangelattest eller tingsvidne."

Det er mogleg at brotet på den legale arvelina frå Øvstedal vart ei ulykke for garden. Iallfall vart det mye vond og langvarig strid om odels- og innløysingsretten til Øvstedal.

Den 21. desb. 1745 gav Syver Bersvendsen skjøte til Syver Nilsen til Øvstedal for 80 rd. Den 14. april selde Syver Nilsen odelsretten til Øvstedal vidare til Jens Øvstedal. Men mot dette skjøtet protesterte Johan Nilsen. Jens Øvstedal hadde likevel garden i to år. Da gav han i 1748 skjøte til Amund Gustum på grd. Øvstedal av skyld 2 huder 2 skinn for 700 rd. + føderåd. I denne føderådskontrakta av 15. januar 1748 er det elles opplyst om kjøparen Amund Bentsen Gustum at han var ”antaget skoleholder i Fåberg prestegjeld”.

Amund Bentsen Øvstedal, som han snart vart kalla, hadde garden framleis i 1751. Han gav da bygseddell til Even Olsen ”på en hans grd. Øvstedal til og underliggende husmannsplads Haugen kaldet inden gårdens eng beliggende mot årlig husleie”. Men året etter selde Amund Bentsen og sjølve garden Øvstedal. Han er da kalla Amund Bentsen skoleholder i Våge prestegjeld i Gudbrandsdalen, og kjøparen var Morten Engebretsen Bratødegården av Fåberg prestegjeld. Skylda på Øvstedal er da oppgitt til 2 huder 2 skinn 1 bismerpund fisk som i året 1668, og kjøpesummen var 715 rd. + føderåd til Jens Kristensen og hustru Anne Gudmundsdr. Øvstedal.

Her tek vi elles med litt om lån av pengar og om renter i denne tid: ved handelen med Øvstedal i 1752 vart det ordna slik at kjøparen Morten Øvstedal gav pantebrev til Amund Bentsen for 360 rd. som inntil vidare skulle stå i garden mot 1 pr. pant og 4 % årleg rente. Da Amund Bentsen alt året etter ville ha dette restbeløpet utbetalt, lånte Morten Øvstedal 400 rd. mot 1 pr. pant og 5 % årleg rente av soknepresten Peter Beneche på Nes. Renta var høg, og to år etter gav Morten Øvstedal den 14. april 1755 ein like stor obligasjon, men med årleg rente 4 % p.a. til Christen Olsen Ronnerud og kunne innbetale lånet sitt av 1753 til 5 % p.a. til sokneprest Beneche. Etter atter 2 år kunne i 1757 Morten Øvstedal også innbetale sin gjeld til Christen Ronnerud. Om denne same Christen Ronnerud er det sagt at han alltid visste kva han gjorde. Kvittring på hans obl. av 14. april 1755 kan tyde på det same. Ho har denne ordlyden: ”I dag en 18de April 1757 er denne Obligation paalydende Summa med Renter til fulde betalt saa den kand naa forlanges av Pante Protocollen udslættes. Test. C. O. Ronnerud.”

I mellomtida hadde det i 1748 vore arveskifte på Øvstedal: Føderådsmannen Jens Kristensen og hustru Anne Gudmundsdr. har vorte samde om å skifte med borna sine medan dei baa var i live. Ved dette skiftet utgjorde skiftebuet brutto 553 rd. og netto 251 rd., og arvingane var dei 3 borna i ekteskapet. Av desse var Anne gift med Ole lille Ulland, Kari var gift med A. Torgersen neder Dahlen, og Ragnhild, som var 18 år, var enda ugift.

Morten Engebretsen hadde Øvstedal til i 1757. Da selde han garden til Simen Olsen Laurgaard. Skjøtet om denne handelen kan vera av interesse og er i utskrift sålydande: ”Skjøte dat. 14. april 1757 tgl. 18. juni s.å. Fra Morten Engebretsen Øvstedahl av Fåberg prestegjeld til Simen Olsen Laurgaard og hans arvinger på Øfstedahl skyldende 2 huder bismerpund fisk for sum 650 rd. I denne handel indtrer de tre brødre Siver, Johannes og Christen Nielssonner Dahlsskougen, som gårdens sande odelsmenn, og selger odels og løsningsretten til gården for 250 rd. Simen Olsen skal svare det på gården heftede føderåd til Jens Kristensen og hustru.”

I denne tid var det atter stor strid om odels- og løysingsretten til garden, og Simen Olsen Øvstedal, som han da kalla seg, gav i 1765 skjøte til Ellev Pedersen Huse, og ikkje minst dette skjøtet er merkt av striden: ”Skjøte. Fra Simen Olssen Øfstedahl av Fåbergs prestegjeld til Ellev Pedersen Huse og hans arvinger på Øfstedahl av skyld 2 huder 9 skind for sum 850 rd. – Det står en anmerkning om at den odels løsnings sak som Arne Torgersen Nerdahlen har anlagt og påstevnet om gården Øfstedahl ikke skal komme Ellev Pedersen noget ved.”

Utskrifta av den saka det her er vist til, lyder i utskrift slik: ”Arne Torgersen Nedre Dahlen kontra Simen Olsen Øfstedahl ang. fravigelse av grd. Øfstedahl. Avsagt: Ved Gavebrev av 28. okt. 1720 overlot de gamle folk Erland Syversen og hustru Anne Kristensdr. deres gård Øfstedahl til Jens Kristensen og hustru Beret Larsen (i 1. ekteskap), som hadde gården til den i 1748 blev solgt til Amund Bentsen Gustum. Citanten Arne Torgersaen har det ene av Jens Kristensens tre børn, Kari Jensdr., til ekte og søker på hennes vegne gården indløst. Contracitantens påstand om hevdens svekkelse kan ikke ansees som lovgrundige. Ti kjennes for rett: Contracitanten Simen Olsen til like med itsige oppsiddet på Øfstedahl, Ellev Pedersen, bør til neste faredag fravike og ryddiggjøre gården for citanten Arne Torgersen imot 500 rd. + føderåds svarelse efter skjøte og kontrakt av 15. jan. 1748. Citanten reserveres erstatning for gårdens forringelse efter skjøn. Omkostninger oppheves.”

Det vart likevel ei ordning så Ellev Pedersen også budde på Øvstedal i 1773, men han hadde da stor gjeld og hadde sett garden, lausøyre og høy- og kornavlinga i pant. –

Den 17. febr. 1774 gav så Ellev Pedersen Øfstedahl skjøte til Jakob Olsen Jongerud på grd. Øvstedal av skyld 2 huder 9 skinn for 1000 rd. + føderåd som hefta på garden. – men heller ikkje hos Jakob Olsen med familie ville lykka halde til huse på Øvstedal.

Tre år etter at dei kjøpte Øvstedal og flytta dit, døde i 1777 kona til Jakob Olsen, Marit Jonsdr., og det vart arveskifte i samband med dødsfallet. Ved dette skiftet vart grd. Øvstedal verdsett til 700 rd., og skiftebuet utgjorde brutto 875 rd. og netto 291 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Jakob Olsen den vesle sonen deres, som da var 3 år. Enkemannen Jakob Olsen gifta seg oppatt med Åste Christofersdr., men 3 år seinare døde også husbonden Jakob Olsen sjølv, og det var atter arveskifte på Øvstedal. Ved dette skiftet vart taksta på garden høgda til 1010 rd., og arvebuet utgjorde brutto 1642 rd. og netto 765 rd. Av dette arva vesle Ole Jakobsen 527 rd., som inntil vidare skulle stå i garden. Da Ole i 1793 tok imot arven, var den med renter auka til 614 rd. Det er da opplyst at unge Ole Jakobsen møtte med løytnant Haavi som kurator og med Lars Haukliken som formyndar.

I 1781 gav Jakob Olsens dødsbu auksjonsskjøte til Erik Pedersen øvre Jørstad av skyld (som i 1668) 2 huder 2 skinn 1 pd. fisk for sum 1010 rd. Men året etter hadde Øvstedal atter vore på handel og var kome i Holm Jørstads eige. Holm Jørstad selde så i 1794 Øvstedal vidare til Kristen Halvorsen for 1220 rd. Men ved publikasjonen av dette skjøtet vart det atter gjort merknad om odels- og innløysingsretten til Øvstedal. Året etter baud Kristen Halvorsen garden fram til dei som etter lova kunne prove at dei hadde odelsrett til garden, men det førde ikkje til noko brukarskifte. Av ei anna sak frå same året går det fram at Kristen Halvorsen Øvstedal var gift, han hadde stemnt Torger Arnesen Dal for renter av arven til kona si.

Fem år seinare var den store folketellinga av 1801., og det budde da 1 familie på Øvstedal. Det var: 1. Kristen Halvorsen, husbonden, 33 år, 2. Sønnøv Olsdr., kona hans, 37 år, 3. Håken Kristiansen, son deres, 6 år, 4. Kari Kristensdr., dotter deres, 4 år, 5. Eli Kristensdr., dotter deres, 4 år, 6. Ole Kristensen, son deres, 1 år, 7. Rasmus Olsen, tenestkar, 21 år, 7. Mari Torgersdr., tenestkvinne, 22 år, 8. Guro Pedersdr., legdkone, 72 år.

Etter atter eit år gav så Kristen Øvstedal skjøte til Anders Hauger på grd. Øvstedal i Fåberg for kjøpesum 1499 rd. 3 ort. Da dette skjøtet gir fleire opplysningar om garden, prentar vi det av i utskrift: ”Skjøte. Dat. og tgl. 1802, juni 17. fra Christen Halvorsen Øfstedahl til Anders Amundsen Hauger på Øfstedahl, af skyld 2 huder 2 skind 1 lpd. for 1499 rd. 3 ort. Fra dette kjøp er undtatt sameien Bagsetermarken og et Teinlaughol i yttre Øverdals Teinlauget som

Christen Halvorsen forbeholder sig til odel og eiendom og skylder 6 skind, dog skal kjøperen ha fri havning samt fri hugst til sin seter, men ikke til sin gård i Bagsetermarken. Kjøperen skal være forpliktet til at svare det på gården heftede føderåd.”

Anders Amundsen Hauger hadde elles ikkje Øvstedal meir enn i 6 år. Da selde han i 1808 Øvstedal til Ole Hansen, som slo seg til der og vart brukar på Øvstedal til i 1847. – I mellomtida hadde så Kristen Halvorsen nordre Jørstad i 1807 selt ”Øfstedahl Baksætermarken kaldet” av skyld 6 skinn til Østen Christensen Mæhlum for 280 rd. Østen Mæhlum hadde Baksætermarka til i 1810, da han gav skjøte til Arne Chr. Jørstad på skogteigen m.m. for 300 rd. Arne Chr. Jørstad hadde så Baksætermarka av ny skyld 2 ort 21 skilling til i 1858, da han overlet eigendomen til son sin, Christopher Arnesen, også for 300 rd. Fire år seinare finn ein at Christopher Jørstad selde halvparten av Baksætermarka til bror sin, Andreas Jørstad. –

Ole Hansen som hadde kjøpt Øvstedal i 1808, hadde garden framleis i 1838, da matr.skylda på gardane vart justert og omrekna, og Øvstedal t.d. fekk ei ny skyld på 6 skylddalar 1 ort 8 skilling. Ole Hansen heldt fram som brukar på Øvstedal enda i 11 år, men i 1847 gav han så skjøte til son sin, Nils Olsen, på Øvstedal av skyld 6 dr.-1-8. Samtidig gav og kjøparen føderådsbrev til foreldra sine. – Nils Olsen hadde Øvstedal til i 1853, da han gav skjøte på garden til Christian Christiansen Dahl for 1900 spd. I hans brukartid var det i 1865 ei stor jordbruksstilling, og det er da gitt fleire opplysningar om Øvstedal. Det er såleis fortalt at det samla jordbruksareal på Øvstedal av åker, eng og seterlykkjer i den tid var 132 mål, og av dette var 70 mål jord av 1. klasse. Same året var husdyrhaldet på sjølve garden 3 hestar, 11 naut, 10 sauer og 5 geiter; dertil var det på plassar som hørde til garden 5 kyr, 4 sauer og 5 geiter. Ført på same måten var utsæden på sjølve garden ½ td. rug, 3 tdr. bygg, 6 tdr. blandkorn og havre, ½ td. erter og 10 tdr. settepoteter. Dertil var utsæden på plassane til garden 2 tdr. blandkorn og 2 tdr. settepoteter.

Tre år seinare selde i 1868 Christian Christiansen Øvstedal grd. Øvstedal til skolelærer Tore Haldorsen for 1950 spd. Same året var det ei skyldsettingsforretning da ein part på 1/16 av garden Volden vart fråskilt og skyldsett for 47 skill. Denne Volden med ei øy i Laugen vart så selt til Erik Olsen Jørstadsveen.

Atten år seinare kom i 1886 den nye matrikkelen, og gardane fekk tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matr. skyld. Øvstedal i Fåberg fekk da gardsnr. 168 med ei samla matr.skyld på 9,72 mark, og det var da blitt 4 br.nr. under gr.nr. 168 Øvstedal. Det var: Gr.nr. 168, br.nr. 1 Øvstedal av skyld 5,80 mark, som Bernt Dahl da var eigar og brukar av, br.nr. 2 av skyld 0,61 mark, som Erik Jørstadsveen åtte og brukte, br.nr. 3 Baksetra og Ringen m.m. av skyld 1,91 mark og med Johannes Pedersen som eigar, og br.nr. 4 Skog, av skyld 1,40 mark og som tilhørde Tobias Huse.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da vorte 5 bruksnr. under gardsnr. 168: Johannes Pedersen hadde da overtatt br.nr. 1 Øvstedal; Peder Knudsen Jørstadsveen hadde kjøpt br.nr. 2 Volden; Johannes Pedersen hadde kjøpt br.nr. 3 Øfstedalshaug; Thorvald Moss og Anton Saksum hadde kjøpt br.nr. 4 Øvstedal skog og Bernt Lium hadde overtatt br.nr. 5 Haugen Bakseterskog av skyld 0,27 mark.

Av kommunale manntal frå denne tida går det elles fram at Ole A. Haugen (øvre) framleis var husmann på Øvstedal i 1901. I 1910 kjøpte Johannes og Even Larsen br.nr. 7 Moløkken, og Johannes P. Haugen kjøpte br.nr. 8 Rønningen av skyld 0,58 mark. Br.nr. 6 Øvstedal Seter

vart i 1937 selt til Kristian Storsveen, og Kristian S. Jørstad kjøpte same året br.nr. 9 Øvstedalsteigen av skyld 0,05 mark.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det framleis 9 bruksnr. under gardsnr. 168, men av desse var det berre 2 bruk med eit jordbruksareal på meir enn 25 mål (da). Det var: Gr.nr. 168, br.nr. 1 og 8 Øvstedal med Alfred Bostad som eigar og brukar, og med eit jordbr.areal på 70 mål, og br.nr. 3 og 7 Øvstedalshaugen med Ole Øvstedalshaugen som oppsittar, og eit jordbr.areal på ca. 30 mål.